



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/130541-2

Dykkar referanse:  
21/662 – 21/44049

Vår dato:  
15.07.2021

### Uttale til søknad om dispensasjon til uttale – riving av eksisterande og oppføring av nytt våningshus – gnr. 243 bnr. 5 – Vassel – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 22.06.2021. Saka gjeld søknad om riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt på gnr. 243 bnr. 5, Vassel, i Alver kommune.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNFR-føremål.

Tiltaket ligg innanfor omsynssone H710 – bandleggingssona til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen, jf. KDP for Lindås pkt. 4.3.1.

#### Uttale

Til denne saka uttaler Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg. Alver kommune har opplyst at tiltaket er vurdert til å vere i samsvar med arealføremål. I nabovarselet vart det varsla om ny avkøyrsløse frå fylkesvegen, men det er ikkje aktuelt lenger. Det er no opplyst at eksisterande avkøyrsløse vert uendra, men intern tilkomstveg vert endra.

Tiltaket ligg innanfor bandleggingssona for planlegging av ny Ev. 39.

Kommunedelplan Ev. 39 Flatøy – Eikefettunnelen er framleis i prosess og førebels ikkje oversendt til kommunen. I førebels utkast til kommunedelplan med konsekvensutgreiing tilrår Statens vegvesen tre kombinasjonsalternativ for vidare regulering:


- F3-V3-M4-A2
- F3-V4-M4-A2
- F3-V100-M4-A2

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



Figur 1-2: Figuren viser alternativa som er vurdert i denne konsekvensutgreiinga, og varslingsområdet for planarbeidet.

Kommunen bør generelt vise atterhald når det gjeld godkjenning av nye tiltak innanfor bandleggingssona før kommunedelplanen er vedtatt. I denne saka kan vi ikkje sjå at tiltaket vil vere i konflikt med våre veginteresser. Statens vegvesen har derfor ikkje merknader til riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt på gnr. 243 bnr. 5.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Dennis Harald Smilden  
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN